



Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
Postboks 103

5640 EIKELANDSOSEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dato
Jon Harald Kjærland	90478841	2015/2909-9	25.01.2017

Igangsetjingsløyve (Ett - trinnsøknad) - Delegert vedtak 2017/30

Tiltak: Teknisk anlegg; veg og VA-anl. dimensjonert for 11 hytter, avlaup med 3 stk 3-kamra Slamavskiljarar; 1 og 2 på 7 m³ og slamavsk.nr 3 er på 12 m³. Sjøleidning til 20 meter straumførande sjø.

Gnr/bnr: 163/1,4, 29 og 34

Byggestad/adresse: Øyerhaugen hyttefelt, Øyerhamn.

Tiltakshavar: Roald Hauge, Mundheimsveien 523, 5632 Omastrand.

Ansvarleg søkjar: Byggadministrasjonen Harald Bjørndal AS, Eikelandsosen.

Delegert vedtaksnr.: 2017/30

Vedtaket etter plan- og bygningsloven:

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 vert søknad journalført 11.10.2016, 06.12.2016 og seinare korrespondanse og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Ansvarsrettar er erklært av fylgjande firma:

- Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS, Eikelandsosen; SØK, PRO t.kl. 2.
- Skarvatun VVS as, Ølve; UTF t.kl. 2.
- Arve Kjærland Graving/Sprenging, Varaldsøy; UTF t.kl. 2.

Vilkår:

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Vedtaket etter havne- og farvassloven:

Med heimel i havne- og farvasslova § 27 vert det gjeve løyve til utlegging av 110 mm kloakkleidning i sjø frå Øyerhaugen hyttefelt, Øyerhamn, 163/1,4 i samsvar med innsende planar og teikningar motteke 11.10.2016 og 06.12.2016.

Vilkår:

At det vert sendt inn melding vedlagt kart der tiltaket vert innteikna og nøyaktig posisjon til sjøleidning vert oppgjeven i WGS84. Meldinga sendast også til EFS/Statens Kartverk divisjon Sjø, Pb 60 Sentrum, 4001 Stavanger straks tiltaket er ferdig.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna grunn og miljøkrav og tekniske krav.

Utsleppsløyve er gitt den 04.01.2017 i del.vedtak 2017/5 frå Miljøretta helsevern.

Nabovarsel: Naboar og attbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.

Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.

Kulturminne: Ingen registreringar i området.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For rådmannen i Kvinnherad

Jon Harald Kjærland
saksbehandlar

Kopi til:

Tiltakshavar
Referatsak forvaltningskomiteen
Matrikkelen
Kommunalteknikk – VVA